

Helse- og omsorgsdepartementet  
postmottak@hod.dep.no

Oslo, 11. april 2022

## Ny Folkehelsemelding - høyringssvar

Familien er grunnsteinen i folks liv. Familien finnst i mange variantar, men uansett er det der vi utviklar våre første relasjonar og grunnleggande helsesituasjon. Trygg og stabil oppvekst er avgjerande for at barn skal få ein god barndom. Dette veit vi er viktig for barns helse, både fysisk og psykisk. Det er også viktig for å hindre utanforskap, noko vi veit kan vere med på å skape uhelse. Også vaksne er avhengige av at relasjonane til dei nærmaste er opne og gode. Det er viktig og for foreldrefunksjonen. Å sørge for gode familieliv er derfor ei oppgave det offentlege må ta på alvor.

Stiftelsen Kirkens Familievern vil understreke kor viktig familievern tenesta er i eit folkehelseperspektiv. Familievernet er ei gratis, statleg teneste som alle kan nytte seg av utan henvising frå andre instansar. Tenesta er korkje helseteneste, eller sosialteneste, men skal hjelpe vanlege familiar med vanlege problem. I familievernet arbeider ein systemisk. Det betyr at ein jobbar med relasjonane i familien, ikkje den einskilte familiemedlemmen – men samspelet mellom dei. Kjerneverksemda er parterapi og familieterapi, men familievernet tilbyr eit breidt tilfang av terapi og kurs; kurs for nye foreldre, hjelp til å handtere samarbeidsproblem om felles barn etter skilsmisse, parkurs, veiledningskurs for kommuntilsette, sinnemestringskurs, foreldrevegledningskurs, samtalegrupper for ungdommar med kjønnsinkongruens, grupper eller samtaler for dei som ikkje lenger kan ha barna hos seg, kurs for familiar med særlege utfordringar for eksempel knytt til om ein har barn med funksjonshemmingar.

Slike terapitilbod hjelper mange familiar kvart einaste år. Viktigast er at dei får hjelp så tidleg at relasjonane ikkje utviklar seg til meir krevjande problemstillingar. Å komme tidleg inn betyr at ein kan hindre at saker må overførast til barnevernet, at valdelege situasjonar oppstår eller at det blir utvikla psykiske problem hos ein eller fleire familiemedlemmer. Ein godt fungerande familie vil truleg også lettare bety at foreldre er i arbeid og at barn fullfører utdanning. Alt dette veit vi er heilt avgjerande for folkehelsa. I tillegg til å vere til stor hjelp for folk, er familievernet difor også ei samfunnsøkonomisk viktig teneste.

I nytt lovverk om barnevernstenesta er det slått fast at kommunane har det koordinerande ansvaret for førebyggjande arbeid. Familievernet er ei slik førebyggjande teneste som bidrar til å hindre at barnevernet må gripe inn i eller ta over vanskelege saker. Det er først og fremst til hjelp for det enkelte barn, men det betyr også at ressursane i barnevernet kan konsentrere seg om tyngre saker slik at dei som treng mest hjelp faktisk får det. Vi meiner at familievernet ved å komme tidleg inn i ei problemutvikling bidreg med å førebyggje auka bruk av psykisk helseteneste.

I familievernet er det både statlege kontor i regi av Bufetat, og mange kyrkjelege kontor med oppdragsavtaler med Bufdir/Bufetat. Alle kontor tilbyr dei same tenestene. Stiftelsen Kirkens Familievern har gjennom alle år vore ein tung bidragsytar til å utvikle familievern faget. At det finns fleire tilbydarar på fagfeltet med noko ulik ståstad, er sentralt for utviklinga av faget. Det er også nødvendig for å sikre at flest mogeleg nyttar seg av tilbodet. Frå undersøkingar veit vi at mange innvandrargrupper lettare vender seg til eit kontor med kyrkjeleg forankring enn til eit statleg kontor. Det kan vere fleire grunnar til det. Viktig kan vere at religion og tru står sterkare i nokre innvandrargrupper og at dei lettare finn fram til våre kontor. Ein annan grunn kan vere at det er manglande tiltru til korleis eit statleg kontor

vil forhalde seg til familien sine problem. Noko av det samme er vurdert av Korona-kommisjonen. Der går det tydeleg fram at det offentlege hadde store vanskar med å nå fram til fleire innvandrargrupper med informasjon om pandemihandteringa, og at det er nødvendig med eit breitt kunnskapsgrunnlag for å nå fram til alle som treng det. På denne bakgrunn vil Stiftelsen Kirkens Familievern understreke at det i folkehelsearbeidet må bli lagt vekt på eit mangfald av tilbydarar av tenester for god folkehelse, og at det særleg vert lagt vekt på at ideelle verksemdar får plass og mogelegheit til å utvikle gode og nye tenester. Dette er avgjerande for at folkehelsetilbodet er tilpassa alle og at det heile tida utviklar seg i takt med behovet.

På denne bakgrunn vil vi understreke at familievernet må få god plass i tenestetilbodet og at det også får ein viktig plass i Folkehelsemeldinga. Å satse på ein opptrappingsplan for familievernet framstår som menneskeleg og samfunnsøkonomisk riktig og viktig.

Venleg helsing  
Stiftelsen Kirkens Familievern

Hilde Barstad  
direktør